



# Vestnorsk fjordlandskap



Dei sameinte nasjonane  
sin organisasjon for  
utdanning, vitenskap og kultur



Vestnorsk  
fjordlandskap

Dykkar ref.: 19/27640.

Aurland/ Geiranger, 13.september 2019.

## **Framlegg til ny forskrift om tilskot til tiltak i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen samt utvalde kulturlandskap i jordbruket - uttale frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.**

### **Innleiing**

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Noreg sin fyrste og til no, einaste naturarv. Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på geologi og geologiske prosessar over millionar av år, men busetnad og menneskeleg aktivitet i fortid og notid tilfører naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og forsterkar statusen.

UNESCO sin Verdsarvkomite slo vidare fast i sitt vedtak : «*Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerker seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.*

*Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden.*»

**Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (VAR) som vart etablert i januar 2006 har som si fremste oppgåve å arbeide for ivaretaking og fremjing av verdsarvstatusen tildelt Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet i fellesskap.**

Rådet er samansett av ordførarane frå Stranda, Norddal, Aurland, Vik, Voss og Lærdal kommunar, fylkesordførarane frå Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland samt fylkesmennene frå dei før nemnde fylka. Miljødirektoratet, Riksantikvaren, Sjøfartsdirektoratet og Klima- og Miljødepartementet har møte – og talerett.

Denne uttalen gjeld for ordens skuld den delen av høyringsnotatet som omhandlar verdsarvmidlane til Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen. Med grunnlag i det som no ligg føre fremjar vi fylgjande uttale:

### **1. Generelt:**

- *Tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap.*

I samband med innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på verdsarvlista er det som nemnt framheva at kulturlandskapet tilfører området ein kulturell dimensjon, som både utfyller og aukar verdsarvstatusen. Eit sjølvgåande husdyrbasert landbruk er vesentleg for å oppretthalde denne statusen og soleis den einaste realistiske løysinga for å ta vare på kulturlandskapet i området. Eit levande landbruk er og i mange høve avgjerande for vidare busetnad/ lokal samfunnsutvikling i grender og dalføre som verdsarven femner over.

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet er eit svært attraktivt reisemål som årleg vert vitja av bortimot ein million gjester. Fjord- og fjellandskapet er i reiselivssamanheng Noreg sitt fremste

reisemål og på godt norsk viktigaste «*Reason To Go*». Vakre og maleriske bilete av verdsarvfjordane pregar internasjonale kampanjar i regi av både Innovasjon Norge og Fjord Norge.

Bevaring av kulturlandskapet har sidan innskrivinga på verdsarvlista i 2005 vore, og er framleis, ei svært viktig og prioritert sak for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Etter oppmoding og møter med 5 departement (KLD, LMD, NHD, KRD og KKD) hausten 2006, tok VAR i samarbeid med Vegaøyen initiativ til å utarbeide ein tiltaksplan for bevaring av kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen.

Tiltaksplanen fremjar 4 bidragsordningar som kjem i tillegg til andre tilskotsordningar over landbruks- og miljøforvaltninga. Desse skal styrke driftsgrunnlaget og -økonomien til aktive bruk i og ikring Verdsarvområdet. Ordninga vart operativ hausten 2008 gjennom direkte og ubyråkratiske avtalar med brukarane.

VAR sitt engasjement og pådriv var heilt avgjerande for etableringa av denne særlege tilskotsordninga som seinare danna grunnlag for den nasjonale forskrifta iverksett august 2016. VAR har ei sentral rolle i å fylgje opp forvaltninga av ordninga, særleg i høve til å sikre lik praksis i verdsarvområdet samt styrke dei økonomiske rammene. Samarbeid med og jamn rapportering frå forvaltninga er difor viktig for å ivareta denne oppgåva.

***Verdsarvrådet føreset at vidare forvaltning av ordninga vektlegg grunnlag og styrkjer målsetjingane slik dei framkjem i tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområdet i Vestnorsk fjordlandskap.***

## **2. Framlegg til ny forskrift:**

### **- §1 Føremål:**

- Fyrste avsnitt lyt endrast til : «*Formålet med tilskudd til tiltak i verdensarvområder er å opprettholde bosetting og styrke den aktive landbruksdriften i verdensarvområdene.*» Dette gjev føremålet ei meir aktiv tilnærming til forvaltninga av midlane samstundes som det tek opp eit viktig delmål i tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområdet.

### **- §2 Virkeområde:**

- Naturbase har p.t eit kartlag som ligg ulogisk plassert under «*Kulturminne*». Sjølv kartet er av mindre god kvalitet i tillegg til at området innafor grensene er sladda. Dette er ikkje godt nok. Naturarvområdet må ha sitt eige val under «*Verna område*».

### **-§3 Utlysing av og kriterie for tildeling av tilskot:**

- Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap strekker seg arealmessig over 6 kommunar og, fram til nyttår, over 3 fylke. Fram til no har det regionale nivået, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane/ Vestland og Fylkesmannen i Møre og Romsdal hatt ansvaret for den operative forvaltninga av ordninga. Dette i nært samarbeid og samråd med den lokale landbruksforvaltninga og VAR/ verdsarvkoordinatorar. Tilbakemeldingar frå verdsarvbønder direkte og eigne røynsle syner at dette har fungert godt i samsvar med føremål og målsetjingar. Det regionale nivået har samstundes sikra ei heilskapeleg tilnærming og forvaltning av ordninga; der omsøkt aktivitet/ tiltak har fokus og ikkje kva kommune dette skjer i. Fylkesmennene har og over tid bygt opp relevant kompetanse og tilstrekkelege ressursar til å fylgje opp satsinga.

VAR er særs urolege for at delegeringa til kommunane fører til ein mykje meir komplisert og fragmentert kvardag for verdsarvbøndene. Stoda kring i dei 6 kommunane er veldig ulik med omsyn til kapasitet og kompetanse noko som heilt klart opnar for ulik praktisering/forvaltning av ordninga. Forskrifta lyt difor legge til rette for at noverande forvaltning kan halde fram **dersom** kommunane og fylkesmennene vert samde om at dette framleis vil vere den meste tenleg løysinga samla sett.

Skulle verdsarvkommunane velje å overta den daglege forvaltninga av ordninga lyt det som minimum setjast krav om at dei same kommunane utarbeider og vert samde om felles retningslinjer. Retningslinjene må samstundes vere tufta på ein oppdatert Tiltaksplan for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap som igjen har fått sin politiske tilslutnad hjå alle dei 6 kommunane. Verdsarvkommunane må samstundes få overført tilstrekkeleg økonomiske ressursar som sikrar kapasitet og kompetanse.

**Dette for på sikt å sikre heilskapeleg forvaltning i verdsarvområdet og for å unngå at nabobruk i same verdsarvområdet skild av ei kommunegrense opplever ulik praktisering av ordninga.**

Det som er nemnt over tilseier fylgjande endring av fyrste avsnitt:  
*«Kommunen/ fylkesmannen skal utlyse alle tildelte tilskuddsmidler og fastsette vilkår for tilskudd i samsvar med formålet med tilskuddsordningen, evt. felles retningslinjer, målsettinger i gjeldende **tiltaksplaner** for området og eventuelle samarbeidsavtaler mellom søker og kommunen/fylkesmannen.»*

Endringane i §3 fyrste avsnitt fører til tilsvarande endringar for resten av §3 og §§4 og 5 der kommunen er oppført/ synt til som forvaltningsstyresmakt.

#### **- §6 Rapportering og utbetaling**

- VAR si rolle kring etablering og oppfølging av ordninga er som nemnt tidlegare særs viktig. Denne paragrafen lyt difor supplerast med fylgjande siste pkt.: *«Forvaltninga skal avgje årleg rapport til VAR om forvaltninga av tilskotsmidlane.»*

Vi har utover det som er nemnt ikkje merknader til det som ligg føre.

Leiar Verdsarvrådet

Nestleiar Verdsarvrådet

Arne Sandnes  
sign.

Hans Erik Ringkjøb  
sign.

#### **Kopi:**

- Kommunane Aurland, Vik, Voss, Lærdal, Stranda, Norddal og Vega.
- Fylkesmannen i Vestland og Møre og Romsdal.
- Miljødirektoratet.
- Vegaøyen Verdsarv v/ Rita Johansen